



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 29

(2007–2008)

---

Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg  
i 2007, eksportkontroll og internasjonalt  
ikkjespreiingssamarbeid



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing og samandrag</b> . . . . .	7	9.2	Eksporten av kategori A-materiell fordelt på grupper av land . . . . .	32
<b>2</b>	<b>Dei politiske rammene for eksportkontrollen</b> . . . . .	11	9.3	Eksporten av kategori B-materiell fordelt på grupper av land . . . . .	32
<b>3</b>	<b>Eksportkontrollregelverket</b> . . . . .	12	9.4	Eksport av forsvarsmateriell fordelt på land . . . . .	32
3.1	Eksportkontrolllova . . . . .	12	9.5	Eksport fordelt på vareposisjonane i liste I . . . . .	36
3.2	Forskrift til gjennomføring av eksportkontrollen . . . . .	13	9.6	Eksport av forsvarsmateriell fordelt på land og varegrupper i liste I . . . . .	37
3.3	Utanriksdepartementets retningslinjer . . . . .	14	9.7	Tenester for utanlandske oppdragsgivarar . . . . .	47
3.4	Oversikt over FN-sanksjonar, EU-tiltak og terrorismetiltak som inneheld våpenembargoar . . . . .	15	9.8	Reparasjonar for utanlandske oppdragsgivarar . . . . .	47
3.5	Vedtak i Tryggingrådet om sanksjonar mot Iran . . . . .	16	9.9	Utførsel av handvåpen og delar til slike våpen . . . . .	48
3.6	Tryggingrådsvedtak om sanksjonar mot Nord-Korea . . . . .	16	9.10	Materiell utført av Forsvaret . . . . .	50
3.7	EU-kodeksen . . . . .	17	9.11	Avslag på søknader om eksport av forsvarsmateriell i 2007 . . . . .	52
<b>4</b>	<b>Multilateralt samarbeid om eksportkontroll og ikkjespriing</b> . . . . .	18	9.12	Formidling og overføring av produksjonsrettar . . . . .	52
4.1	Dei multilaterale eksportkontrollregima . . . . .	18	9.13	Oversikt over utførsel av sivile varer til militær bruk i mottakarlandet . . . . .	52
4.2	Andre spreiingstiltak . . . . .	19	9.14	Oversikt over utførsel av verneutstyr for bruk i humanitær minerydding . . . . .	53
<b>5</b>	<b>Utanriksdepartementets arbeid for auka innsyn</b> . . . . .	22	9.15	Oversikt over bedrifter som har rapportert om eksport i 2007 . . . . .	54
<b>6</b>	<b>Det nasjonale eksportkontrollapparatet</b> . . . . .	23	<b>Vedlegg</b>		
<b>7</b>	<b>Saksbehandling i Utanriksdepartementet ved lisensiering</b> . . . . .	24	1	Lov 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v. . . . .	56
7.1	Eksportkontroll med forsvarsmateriell . . . . .	25	2	Utanriksdepartementets forskrifter av 10. januar 1989 til gjennomføring av utførselsreguleringen for strategiske varer, tjenester og teknologi, med senere endringer . . . . .	58
7.2	Eksportkontroll med fleirbruksvarer . . . . .	26	3	Retningslinjer av 28. februar 1992 for Utanriksdepartementets behandling av søknader om eksport av våpen, militært materiell, samt teknologi og tjenester for militære formål . . . . .	61
<b>8</b>	<b>Norsk forsvarsindustri og internasjonalt samarbeid</b> . . . . .	29	4	Den europeiske unions atferdskodeks for våpeneksport, 8. juni 1998 . . . . .	65
<b>9</b>	<b>Eksporten av forsvarsmateriell i 2007</b> . . . . .	30			
9.1	Utvikling i eksporten av forsvarsmateriell, tenester og reparasjonar . . . . .	32			

5	Liste I: våpen, ammunisjon, annet militært materiell og tilhørende teknologi . . . . .	68	6	Oversikt over medlemskap i dei multilaterale eksportkontrollregima 2006 . . . . .	70
---	--	----	---	---	----

## Forklaring på forkortingar

AG	Australia Group	Australia-gruppa (multilateralt eksportkontroll-samarbeid for kjemiske/biologiske våpen)
BTWC	Biological and Toxic Weapons Convention	Konvensjonen mot biologiske våpen
CWC	Chemical Weapons Convention	Kjemivåpenkonvensjonen
ECOWAS	Economic Community of West African States	Det økonomiske fellesskapet av vestafrikanske statar
FFI		Forsvarets forskingsinstitutt
IAEA	International Atomic Energy Agency	Det internasjonale atomenergibyrådet
IFE		Institutt for energiteknikk
MTCR	Missile Technology Control Regime	Regimet for eksportkontroll av missilteknologi
NSG	Nuclear Suppliers Group	Gruppa av leverandørland for eksportkontroll av kjernefysisk materiale og relevante fleirbruksvarer
NPT	Non-Proliferation Treaty	Ikkje-spreiingsavtalen for kjernefysiske våpen
OSCE	Organization for Security and Cooperation in Europe (OSCE)	Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa
PSI	Proliferation Security Initiative	Initiativ for spreingstryggleik
PST		Politiets tryggingsteneste
TAD		Toll- og avgiftsdirektoratet
WA	The Wassenaar Arrangement	Wassenaar-samarbeidet (multilat. eksportkontroll-samarbeid for konvensjonelle våpen og fleirbruksvarer)





DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 29

(2007–2008)

## Eksport av forsvarsmateriell frå Noreg i 2007, eksportkontroll og internasjonalt ikkje-spreiingssamarbeid

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 6. juni 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing og samandrag

Med denne stortingsmeldinga legg Regjeringa fram informasjon om norsk eksportkontroll når det gjeld våpen, ammunisjon og anna militært materiell<sup>1</sup> og fleirbruksvarer<sup>2</sup>. Meldinga reflekterer omfanget av den faktiske eksporten i 2007 av forsvarsmateriell som er oppført på Utenriksdepartementets liste I<sup>3</sup>, og av tenester og teknologi i tilknytning til desse varene. Liste I omfattar både A-materiell, som er våpen og ammunisjon og anna militært materiell som i vesentleg grad kan påverke dei militære styrkeforholda utover nærområdet, og B-materiell, som er andre varer som spesielt er utvikla eller modifiserte for militære formål.

Den samla verdien av eksporten i 2007 var om lag 3,6 milliardar kroner. Av dette utgjorde sal ca.

3,2 milliardar kroner, tenester om lag 308 millionar og reparasjonar for utanlandske eigarar ca. 130 millionar kroner. A-materiell utgjorde i overkant av 2 milliardar kroner og B-materiell ca. 1,2 milliardar kroner. Til samanlikning utgjorde den samla eksporten i 2006 rundt 3,5 milliardar.

I 2007 gjekk 92 % av eksporten av A-materiell og 84 % av eksporten av B-materiell til NATO-land og til Sverige og Finland. Samanlikna med 2006 var det i 2007 ein markert nedgang i den totale eksportverdien av B-materiell på nær 22 %, og eksporten av A-materiell auka med ca. 45 %.

I meldinga blir det gjort greie for norsk politikk når det gjeld strategisk eksportkontroll, og praktiseringa av det aktuelle regelverket i lisensieringsarbeidet og samarbeidet med andre etatar for å sikre gjennomføring av ein mest mogeleg effektiv kontroll. I tillegg går vi inn på det internasjonale samarbeidet leverandørlanda har etablert for å sikre høge internasjonale standardar som utgangspunkt for gjennomføringa av kontrolltiltak på nasjonalt plan.

Regjeringa er oppteken av å gi størst mogeleg åpenhet om og innsyn i utførselen av forsvarsmate-

<sup>1</sup> Heretter kalla forsvarsmateriell.

<sup>2</sup> Fleirbruksvarer har i utgangspunktet sivile bruksområde, men kan i tillegg ha viktige militære bruksmåtar.

<sup>3</sup> Varene på liste I omfattar forsvarsmateriell. Utenriksdepartementets liste I (vedlegg 1) beskriv dette materiellet og tilhøyrande teknologi. Oversiktene i kapittel sju i meldinga omfattar berre verdien av utførte varer og tilhøyrande teknologi som står på liste I, og tenester knytte til desse varene.

riell frå Noreg. Stortingsbehandlinga av st.meld. nr. 19 (2005–2006) og st.meld. nr. 33 (2006–2007) har vist at det er brei tverrpolitisk semje om at dette er viktig. Ved behandlinga av begge dei to siste stortingsmeldingane har innstillinga frå Utanrikskomiteen vore samrøystes.

Regjeringa går i årets melding vidare for å gi auka innsyn. I meldinga i år blir det derfor for første gong lagt fram informasjon om eksport av sivile varer til militære sluttbrukarar og om utførsel av verneutstyr til bruk for humanitære organisasjonar i samband med minerydding. Elles følgjer meldinga i hovudsak same formatet som meldingane om eksporten i 2005 og 2006. Det blir informert om kva slag militære varer som er utførte til kva land, verdien av eksporten fordelt på land og regionar og om eige materiell som forsvarsstyresmaktene utfører. Vidare omtalar meldinga utførsel av handvåpen frå Noreg, formidling av forsvarsmateriell mellom tredjeland og overføring av produksjonsrettar for forsvarsmateriell til utlandet. I tillegg blir det opplyst om avslag på lisenssøknadar grunnsett i EU-kodeksen for våpeneksport.

Då st.meld. nr. 33 (2006–2007) blei framlagd 15. juni 2007, inviterte Regjeringa presse og organisasjonar til eit møte for å presentere innhaldet i meldinga. Initiativet blei godt motteke, og ein tek sikte på å vidareføre denne typen informasjonsmøte.

Regjeringa vil vidareføre praksisen med å konsultere og informere Stortinget om særleg omfattande og viktige saker. Det er etablert føreseielege retningslinjer for korleis Utanriksdepartementet skal praktisere regelverket. Dei årlege stortingsmeldingane som er framlagde sidan 1996, har gjort greie for denne praksisen og gitt omfattande innsyn i omfanget av eksporten.

I Noreg har vi sidan etterkrigsåra hatt brei politisk semje om eksporten av forsvarsmateriell. Regelverket og praksisen baserer seg på ei regjeringserklæring og eit stortingsvedtak av 11. mars 1959. Erklæringa slo fast at «hovudsynspunktet bør være at Norge ikkje vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig». Stortinget tok «til etterretning den erklæring Statsministeren på vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en omhyggelig vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurderingen må være avgjørende for om eksport skal finne sted».

I 1997 slutta Stortinget seg samrøystes til ei presisering om at «Utanriksdepartementets vurdering av disse forholdene omfatter en vurdering av

en rekke politiske spørsmål, herunder spørsmål knyttet til demokratiske rettigheter og respekt for grunnleggende menneskerettigheter». Endå omsynet til menneskerettane og humanitærretten frå før var eit sentralt element i vurderinga av søknader om eksport av forsvarsmateriell, avgjorde Regjeringa i 2007 å ta denne presiseringa inn i retningslinjene.<sup>4</sup>

Utanriksdepartementet er ved kongeleg resolusjon gitt mynde til å administrere eksportkontrolllova og utarbeide forskrifter og retningslinjer for å sikre ei effektiv gjennomføring av kontrollen. Departementet er òg lisensieringsinstans.

Noreg praktiserer ei svært streng handheving av eksportkontrollregelverket for å sikre at forsvarsmateriell ikkje kjem på avveie. Dette er bakgrunnen for at hovudmottakarane av norsk forsvarsmateriell er medlemsland i NATO og andre nærstående land.<sup>5</sup> Noreg sel forsvarsmateriell bare til bruk for myndigheter.

Dokumentasjon som godtgjer kven som er mottakar av forsvarsmateriellet, må ligge føre før utførselsløyve blir innvilga. Regjeringa vil vidareføre denne praksisen. I kapittel 3 er det gjort nærare reie for regelverket og krava til sluttbrukardokumentasjon. Noreg deltek vidare aktivt innanfor fleire internasjonale fora for tiltak som skal hindre at våpen kjem på avveie.

Ved utførsel av forsvarsmateriell til land utanfor NATO og den nærstående landgruppa blir dei nemnde retningslinjene nøye vurderte og strengt praktiserte. Dersom det blir konkludert med at slikt sal kan tillatast, må det leggjast fram sluttbrukardokumentasjon der mottakaren erklærer at vedkommande er endeleg mottakar av materiellet, opplyser kvar det skal installerast og brukast og forsikrar at materiellet ikkje skal vidareseljast utan samtykke frå norske styresmakter.

Ved tildeling av løyve til sal av forsvarsmateriell er spørsmålet om framtidig vedlikehald, reparasjon og levering av reservedelar ein del av den totalvurderinga departementet gjer. Omsynet til norske leverandørar som truverdige handelspartnerar er òg eit moment som styresmaktene må ta med i vurderinga når det gjeld å gi løyve til oppfølgingsleveransar.

Kontrollen med eksport av fleirbruksvarer<sup>6</sup> tek sikte på å hindre spreiding av masseøydleggings-

<sup>4</sup> Retningslinjer av 28. februar 1992 for Utanriksdepartementets behandling av søknader om eksport av våpen, ammunisjon og annet militært materiell, samt teknologi og tjenester.

<sup>5</sup> Dei nordiske landa, NATO-medlemslanda og andre land som etter ei grundig vurdering kan ta imot forsvarsmateriell frå Noreg.

<sup>6</sup> Omtalt på Utanriksdepartementets liste II.



våpen og er utelukkande basert på samordning av kontrolltiltak innanfor ramma av internasjonalt samarbeid. Dei siste åra har det òg utvikla seg eit nærmare samarbeid i internasjonale forum om betre kontroll med konvensjonelle våpen, særleg handvåpen og lette våpen. Dette er ei utvikling Regjeringa støttar aktivt. I løpet av våren 2008 tek Regjeringa sikte på å leggje fram ei eiga stortingsmelding om det aktive norske engasjementet for nedrusting og mot spreiging av masseøydeleggingsvåpen.

Utanriksdepartementet arbeider stadig med å sikre eit tidsmessig og effektivt regelverk. Med verknad frå 1. juli 2005 blei det gjort endringar i eksportkontrolllova for å reflektere at kontrollen også rettar seg mot leveransar som kan vere meinte for utøving av terrorhandlingar. Ved denne endringa blei det likeins etablert heimel til å utøve kontroll med formidling av visse sensitive fleirbruksvarer mellom to framande land. Denne meldinga gjer greie for forskriftsendringar som blei gjorde i 2007 for å sikre gjennomføring av lovendingane. I st.meld. nr. 36 (2004–2005), st.meld. nr. 19 (2005–2006) og st.meld. nr. 33 (2006–2007) blei det gjort utførleg greie for det arbeidet Utanriksdepartementet gjer med lov- og forskriftsendringar.

Eksport av våpen og militært materiell byggjer på eit overordna internasjonalt prinsipp om at slik eksport er underlagd nasjonal suverenitet. Dette har utgangspunkt i at våpeneksport er nært knytt til kvart lands trygging- og utanrikspolitiske interesser. Dette suverenitetsprinsippet er klart nedfelt i FN-pakta. Roma-traktaten slår fast at denne handelen ikkje er ein del av den felles EU-politikken, men at avgjerder om eksport av forsvarsmateriell skal takast på nasjonalt grunnlag. Samtidig har det dei siste åra utvikla seg eit stadig breiare internasjonalt samarbeid også når det gjeld handelen med konvensjonelle våpen. Dette samarbeidet er eit viktig bidrag til å hindre ulovleg våpenhandel og spreiging av masseøydeleggingsvåpen.

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for eksport av våpen og militært materiell i 1998. Kodeksen har gjennomgått ei vesentleg styrking dei siste åra og dannar i aukande grad eit internasjonalt rammeverk for prinsippa om leveransar av våpen og militært materiell. I 2004 inngjekk Noreg som einaste ikkje-medlem eit nærmare samarbeid med EU innanfor ramma av EU-kodeksen.

Innanfor dei multilaterale eksportkontrollregima er det etablert eigne ekspertforum for handheving og kontroll, og informasjonsutvekslinga mellom deltakarlanda er vesentleg styrkt dei seinare åra. Tekniske arbeidsgrupper skal sikre at varelistene er oppdaterte og relevante i forhold til

den teknologiske utviklinga og spreigingstrusselen. Årlege plenums møte fattar vedtak som medlemslanda skal gjennomføre i nasjonale regelverk og nasjonal praksis. Wassenaar-samarbeidet har vedteke standardar om felles kriterium for kontroll med berbare luftvernssystem (MANPADS) og handvåpen, og om felles kriterium for kontroll med formidling av våpen mellom tredjeland. I tillegg er det etablert retningslinjer som grunnlag for nasjonal kontroll med særleg sensitive fleirbruksvarer og tilsvarande teknologi.

Regjeringa vil arbeide for å styrkje retningslinjene i Wassenaar-samarbeidet ytterligare når det gjeld kontrollen med konvensjonelle våpen og relevant høgteknologi. I tillegg vil eit norsk initiativ innanfor ramma av Wassenaar-samarbeidet om å styrkje innsynet i internasjonale våpenhandel bli føljt aktivt opp framover.

Både EU-kodeksen og kontrollstandardane som er vedtekne innanfor Wassenaar-samarbeidet, legg føringar for korleis Noreg praktiserer eksportkontrollen med forsvarsmateriell. Dei åtte kodekskriteria og konsensusvedtaka frå Wassenaar-samarbeidet blir gjennomførte på grunnlag av det norske regelverket.

Noreg gjennomfører relevante vedtak om våpenembargo fatta av FN's tryggingråd og OSSE anten dei er bindande eller ikkje. I praksis har Noreg også slutta seg til og etterlever EU-vedtak om våpenembargoar. Dette er ein politikk Regjeringa tek sikte på å vidareføre.

Det knyter seg stor uvisse til dei kjernefysiske aktivitetane i Iran og Nord-Korea. Arbeidet for å hindre spreiging av masseøydeleggingsvåpen er ei prioritert oppgåve for Regjeringa. Tryggingrådet har vedteke bindande sanksjonar mot ei rekkje land, deriblant Nord-Korea og Iran. Sanksjonane rettar seg mot dei kjernefysiske programma i desse landa, også leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen, og mot transport, formidling og eksport av konvensjonelle våpensystem. Resolusjonskrava blir gjennomførte i særskilde norske forskrifter og utgjer ein del av eksportkontrollregelverket.

Meldinga gjer òg greie for saksbehandlinga i Utanriksdepartementet når det gjeld søknader om utførselsløyve for forsvarsmateriell og fleirbruksvarer. Oppgåvene i samband med dette omfattar mellom anna produktklassifisering, sluttbrukarkontroll, informasjonsverksemd og samarbeid med eksportørane.

Forsterka internasjonale innsats medfører auka forventningar til at enkeltlanda evnar å gjennomføre effektiv eksportkontroll. Stadig meir avanserte kontrolltiltak og ein vesentleg auke i talet på

søknader om eksportlisens har dei siste åra ført til at det blir stilt stadig større krav til kontroll- og lisensieringsapparatet. Dette gjeld både kompetansen og kapasiteten til å behandle lisenssøknader på ein måte som verken svekkjer den lovpålagde kontrollen eller er til ulempe for norske bedrifter i konkurranseutsette marknader.

Som ledd i å sikre gjennomføring av ein forsvarleg og effektiv eksportkontroll leier Utanriksdepartementet eit tverrinstitusjonelt samarbeid med Politiets tryggingsteneste, Tollvesenet og Forsvaret. Målet er at denne koordineringa av aktivitetane i dei ulike instansane skal medverke til å sikre både effektiv kontroll og best mogeleg ressursutnytting. Regjeringa legg stor vekt på at norske styresmakter skal ha eit fagleg godt og effektivt eksportkontrollapparat.

Dei siste åra har forsvarsindustrien gjennomgått store tilpassingar i takt med endringane i den internasjonale marknaden. Omstrukturering og internasjonalisering har ført til at norske forsvarsmateriellbedrifter har satsa på utvikling av nisjekompetanse innanfor ramma av fleirnasjonalt samarbeid. Utviklinga i retning av større globalisering i handelen med forsvarsmateriell og fleirbruksvarer kjem til å halde fram. Dette inneber behov for tilpassingar også når det gjeld eksportkontrollen i framtida. Regjeringa er oppteken av at Noreg skal stå i fremste rekkje i dette arbeidet.

Som ledd i målsetjinga om innsyn i internasjonal våpenhandel blir eit samandrag av stortingsmeldinga omsett til engelsk og lagt ut på heimesida til departementet ([www.eksportkontroll.mfa.no](http://www.eksportkontroll.mfa.no)).

## 2 Dei politiske rammene for eksportkontrollen

Ansvar for utførsel av våpen, militært materiell og militær teknologi kviler på kvart land og er nedfelt i FN-pakta artikkel 51. Roma-traktaten slår fast at avgjerder om eksport av forsvarsmateriell skal takast på nasjonalt grunnlag. Samstundes har ønsket om større internasjonalt ansvar når det gjeld avgjerder om våpenleveransar, ført til at det med tida har vakse fram eit internasjonalt politisk samarbeid på dette området.

I Noreg har det i heile etterkrigstida vore brei politisk semje om kontrollen med eksport av forsvarsmateriell. Det politiske grunnlaget er regjeringserklæringa frå 11. mars 1959, som slår fast at «det skal ved avgjørelsen legges vekt på de utenriks- og innenrikspolitiske vurderinger, og hovedsynspunktet bør være at Norge ikke vil tillate salg av våpen og ammunisjon til områder hvor det er krig eller krig truer, eller til land hvor det er borgerkrig». I vedtak same dagen tek Stortinget «til etterretning den erklæring Statsministeren på vegne av Regjeringen har lagt frem. Stortinget vil sterkt understreke at eksport av våpen og ammunisjon fra Norge bare må skje etter en nøye vurdering av de uten- og innenrikspolitiske forhold i vedkommende område. Denne vurderingen må være avgjørende for om eksport skal finne sted». Vurderinga som Utanriksdepartementet gjer i denne samanhengen, omfattar ei rekkje politiske og tekniske spørsmål, mellom anna spørsmål knytte til demokratiske rettar og respekten for dei grunnleggjande menneskerettane, jf òg st.meld. nr. 43 (1997–98), nr. 45 (2000–2001), nr. 29 (2001–2002), nr. 35 (2002–2003), nr. 36 (2004–2005) og nr. 19 (2005–2006).

Eit samrøystes Storting slutta seg til ei presisering som Bondevik I-regjeringa gjorde i 1997 om at «Utanriksdepartementets vurdering av disse forholdene omfatter en vurdering av en rekke politiske spørsmål, herunder spørsmål knyttet til demokratiske rettigheter og respekt for grunnleggende menneskerettigheter». Regjeringa vedtok i 2008 å ta denne presiseringa inn i Utanriksdepartementet sine retningslinjer for vurdering av søknader om eksport av våpen, ammunisjon og anna militært materiell.

I tillegg til 1959-vedtaket og presiseringa frå 1997 har Noreg slutta seg til politiske retningslinjer som er fastlagde i relevante internasjonale forum. Dette legg føringar for vurderinga av søknader om eksport av forsvarsmateriell frå Noreg.

Wassenaar-samarbeidet (WA) er det einaste multilaterale eksportkontroll-samarbeidet som er retta mot konvensjonelle våpen og militært materiell. Det politiske hovudprinsippet er at dei 39 medlemslanda gjennom nasjonal praksis skal medverke til auka regional og internasjonalt tryggleik og stabilitet ved å leggje til rette for større innsyn og ansvarleggjering ved leveransar av konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi, og mellom anna hindre destabiliserande akkumulering av militær slagkraft. WA tek òg sikte på å hindre terroristar og terrorgrupper i å få tilgang til konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi.

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for våpeneksport i 1998. I 2004 blei det inngått ein avtale med EU om eit nærmare samarbeid innanfor ramma av kodeksen, mellom anna regelmessig utveksling av informasjon om bruken av dei åtte kriteria i kodeksen når det gjeld vurdering av søknader om eksport av forsvarsmateriell frå Noreg.

Kriteria gjeld ei rekkje sider ved situasjonen i mottakarlandet, m.a. når det gjeld demokratiske rettar, menneskerettane og tryggingopolitiske forhold. Kriteria ligg til grunn for vurderinga av om ein leveranse av våpen eller anna militært materiell kan finne stad. Det blir gjort nærmare greie for EU-kodeksen og dei åtte kriteria i kapittel 3.7.

Noreg legg stor vekt på gjennomføring av internasjonale standardar og på ansvarleg praktisering av det nasjonale regelverket for eksportkontroll. Det norske regelverket oppfyller både den politiske målsetjinga for WA og EU-kodeksen.

Søknader om eksport av fleirbruksvarer til militære sluttbrukarar blir behandla etter dei same prinsippa som kategori B-materiell. I kapittel 7 er det gjort nærmare greie for saksbehandlinga i Utanriksdepartementet når det gjeld søknader om eksport av strategiske varer.

Det internasjonale eksportkontroll- og ikkje-spreiingssamarbeidet er nærmare omtalt i kapittel 4 i meldinga.

### 3 Eksportkontrollregelverket

Utanriksdepartementet har ansvaret for kontrollen med eksport frå Noreg av våpen, ammunisjon og anna militært materiell<sup>1</sup>, fleirbruksvarer<sup>2</sup>, teknologi og tenester. Ved kgl.res. av 18. desember 1987 nr. 967 er Utanriksdepartementet gitt fullmakt til å administrere eksportkontrolllova og utarbeide forskrifter og retningslinjer for å sikre gjennomføring av dei lovpålagde eksportkontrolloppgåvene. Lova inneheld òg omfattande sanksjonsreglar. Kontrollistene (liste I og liste II) er ein del av forskriftsverket.

Den strategiske eksportkontrollen baserer seg på eiga lov og forskrift frå Utanriksdepartementet som skal sikre gjennomføring av kontrollen med eksport av forsvarsmateriell og fleirbruksvarer. Departementet behandlar søknader om løyve til å utføre forsvarsmateriell frå Noreg på grunnlag av dei retningslinjene Utanriksdepartementet har fastsett. I tillegg blir vedtak i Tryggingrådet om sanksjonar gjorde til norske forskrifter for å sikre at tiltaka blir etterlevde. Forskriftene om sanksjonar mot Nord-Korea og Iran er omtalte for seg.

#### 3.1 Eksportkontrolllova

Eksportreguleringa er heimla i *lov 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v.* Alle varer og tenester og all teknologi som kan verke inn på andre lands utvikling, produksjon eller bruk av produkt til militære formål, eller som direkte kan tene til å utvikle eit lands militære evne, og likeins varer og teknologi som kan brukast til å utøve terrorhandlingar, jf straffelova § 147 a) første ledd, må ikkje utførast utan løyve frå Utanriksdepartementet. Liste I (våpen og militært materiell) og liste II (fleirbruksvarer) omtaler produkt og teknologi som krev slikt løyve. Kontrollen med teknologi omfattar òg immateriell teknologioverføring.

Lova set forbod mot at personar med bustad eller opphaldsstad i Noreg og norske selskap, stiftingar og samanslutningar driv handel med, for-

midlar eller på annan måte hjelper til med sal av våpen og militært materiell frå eitt framandt land til eit anna utan særskilt løyve.

I tillegg er det lisensplikt for eksport av alle slag varer, teknologi og tenester til militær bruk til område der det er krig eller krig truar, eller til land der det er borgarkrig, og til område som er underlagde våpenembargo etter vedtak i Tryggingrådet med heimel i FN-pakta kapittel VII.

Alle pliktar å gi Utanriksdepartementet den hjelp det treng for å kontrollere at føresegnene i lova eller forskriftene blir følgde. Det gjeld alle opplysningar som kan reknast som nødvendige i samband med behandlinga av søknader om eksportlisens. Ein slik rett til innhenting av bedriftssensitiv informasjon har sitt motstykke i teiepliktreglane i lova.

Eksportkontrolllova inneheld eigne straffeføresetnader. Forsettleg brot på regelverket kan straffast med bøter eller fengsel inntil fem år eller begge delar. Aktaust brot kan straffast med bøter eller fengsel inntil to år. Når eit lovbrot er gjort av ein som handlar på vegner av eit selskap med avgrensa ansvar, eit kommandittselskap eller ei anna samanslutning eller ei stifting, kan føretaket ileggjast bot. Dersom eit tilfelle blir ramma av strengare straffebod, gjeld straffelova.

#### *Kontroll med varer som kan brukast til terrorhandlingar*

Opphavleg skulle eksportkontrolllova<sup>3</sup> berre regulere utførsel som kunne «tjene til å utvikle et lands militære evne». I kjølvatnet av terroråta mot mål i USA 11. september 2001 sette Utanriksdepartementet i gang eit arbeid for å heimle kontroll med utførsel av andre typar varer, teknologi og tenester som kan brukast til terrorformål, mellom anna kontroll med formidling av visse særleg sensitive fleirbruksvarer.

Med verknad frå 1. juli 2005 blei verkeområdet for eksportkontrolllova endra til å omfatte utførsler som kan brukast i utøvinga av terrorhandlingar. I tillegg blei lova endra til å heimle kontroll med for-

<sup>1</sup> Forsvarsmateriell omtalt på Utanriksdepartementets liste I.

<sup>2</sup> Sivile produkt med viktige militære bruksområde. Omtalte på Utanriksdepartementets liste II.

<sup>3</sup> Lov 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v.

midling av fleirbruksvarer mellom to tredjeland. Endringane er omtalte i st.meld. nr. 19 (2005–2006) om eksporten av forsvarsmateriell frå Noreg i 2005 og st.meld. nr. 33 (2006–2007) om eksporten av forsvarsmateriell frå Noreg i 2006.

Gjennomføringa i forskrift tredje i kraft i 2007 og er nærmare omtalt i kap. 3.2 nedanfor.

Utanriksdepartementet arbeider òg med å styrkje kontrollen med varer og teknologi, mellom anna transport, når det ligg føre informasjon om at varene er tenkte til terrorformål. Arbeid som Justisdepartementet har sett i gang for å styrkje straffelova på dette området, må avventast før ein kan gå vidare med dette.

### 3.2 Forskrift til gjennomføring av eksportkontrollen

Forskrift frå Utanriksdepartementet av 10. januar 1989 fastset nærmare reglar om gjennomføringa av eksportreguleringa. Forskrifta inneheld m.a. krav om lisens ved utførsel av varer og tilhøyrande teknologi på vareliste I (våpen og militært materiell) og vareliste II (fleirbruksvarer). Løyve krevst òg ved utførsel av nærmare spesifisert teknologi, mellom anna immaterielle ytingar, tekniske data-pakkar og produksjonsrettar for varer, og likeins visse tenester. Vidare inneheld forskrifta føresegner om visse unntak frå lisensplikta, høve til tilbakekalling av lisensar og administrative føresegner om oppbevaring av løyve og rett for departementet til å setje vilkår for tildeling av lisens.

#### *Arbeidet med forskriftsendringar*

I st.meld. nr. 36 (2004–2005) og st.meld. nr. 19 (2005–2006) om utførsel av forsvarsmateriell frå Noreg, eksportkontroll og internasjonalt ikkje-spreiingssamarbeid blei det gjort greie for forskriftsendringar som blei gjennomførte i 2004.

For å sikre gjennomføring av lovendinga som tok til å gjelde 1. juli 2005, vedtok Utanriksdepartementet forskriftsendringar med verknad frå 4. juli 2007 for å styrkje kontrollen med alle varer som kan vere tenkte til bruk i eit program for masseødeleggingsvåpen (såkalla «fangar alt»-kontroll), og dessutan føresegner om formidling av fleirbruksvarer.

Etter forskriftsendringane lyder § 1 bokstav g) og i) slik:

§ 1 g. Uten hensyn til Utanriksdepartementets lister er det lisensplikt for utførsel av enhver vare, teknologi og tjenesteytelse der eksportøren er kjent med eller har grunn til å forstå

at varen, teknologien eller tjenesten er eller kan være ment, helt eller delvis, for bruk i forbindelse med utvikling, produksjon, håndtering, drift, vedlikehold, lagring, deteksjon, identifikasjon eller spredning av kjemiske, biologiske eller kjernefysiske våpen eller andre kjernefysiske sprenglegemer. Tilsvarende regler gjelder i forbindelse med utvikling, produksjon, vedlikehold eller lagring av missiler som kan levere slike våpen.

§ 1 i. Handel, formidling eller annen bistand ved salg av de militære varer og teknologi som omfattes av liste I fra et fremmed land til et annet, er ikke tillatt uten tillatelse fra Utanriksdepartementet. Tilsvarende gjelder ved formidling av varer oppført på Utanriksdepartementets liste II, samt for tilhørende teknologi og tjenesteytelse der det er kjent eller grunn til å forstå, at varen, teknologien eller tjenesten er eller kan være ment, helt eller delvis, for bruk i forbindelse med utvikling, produksjon, håndtering, drift, vedlikehold, lagring, deteksjon, identifikasjon eller sprenging av kjemiske, biologiske eller kjernefysiske våpen eller andre kjernefysiske sprenglegemer, og i forbindelse med utvikling, produksjon, vedlikehold eller lagring av missiler som kan levere slike våpen.

Desse to endringane representerer ei vesentleg styrking av kontrollen med alle varer som kan brukast i samband med eit masseødeleggingsprogram. Det same gjeld kontrollen med forsvarsmateriell eller fleirbruksvarer som blir formidla mellom to tredjeland.

I tillegg blei det ved forskriftsendringa gjort ei presisering av eksisterande unntak frå lisensplikta når det gjeld retur av utstyr tilhøyrande eit NATO- eller EU-land etter øving eller trening i Noreg.

#### *Anna lisensplikt. Særlege unntak frå lisensplikt*

I tillegg til lisensplikta for varer, teknologi og tenester som står i kontrollistene, er det reglar i forskriftene som i spesielle tilfelle fangar opp varer som ikkje står i listene. Ein slik regel er retta mot masseødeleggingsvåpen, jf omtale ovanfor av §1 bokstav g).

Når det gjeld varer til militær bruk, finst det to «fangar alt»-reglar i forskriftene (§ 1 bokstav f) og h)). For det første heiter det at ved utførsel for militær bruk til område der det er krig eller krig truar, eller til land der det er borgarkrig, er alle typar varer, teknologi og tenester lisenspliktige sjølv om

dei ikkje står på listene. I tillegg er det lisensplikt for alle typar varer, teknologi og tenester til militær bruk i område som er underlagde våpenembargo vedteken av Tryggingrådet med heimel i FN-pakta kapittel VII. Dette er i tråd med vedtak fatta innanfor ramma av Wassenaar-samarbeidet.

For gjennomføring av bindande vedtak i Tryggingrådet om fullstendig eller delvis handelsembargo mot visse land, blir det utferda forskrifter med heimel i *lov 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De forente nasjoners Sikkerhetsråd*. På denne måten blir bindande vedtak i Tryggingrådet gjorde til norsk rett.

### 3.3 Utanriksdepartementets retningslinjer

Utanriksdepartementet behandlar søknader om eksport av våpen, militært materiell, teknologi og tenester for militære formål på grunnlag av retningslinjene frå 28. februar 1992. Retningslinjene blir òg lagde til grunn i vurderinga av eksportsøknader om sivile varer til militær sluttbruk.

Med 1959-vedtaket og presiseringa frå 1997 som politisk utgangspunkt (kapittel 2) fastset retningslinjene prinsipp som det skal leggjast vekt på når Utanriksdepartementet behandlar søknader om eksport av forsvarsmateriell med heimel i eksportkontrolllova og -forskriftene.

Den militærtekniske utviklinga sidan 1959 har medført at dei omsyna regjeringserklæringa og stortingsvedtaket tok utgangspunkt i, berre kan varetakast gjennom ei eksportregulering som femner om meir enn det som utan vidare følgjer av ordlyden i erklæring og vedtak. Retningslinjene skal sikre dette. Dei gjeld både ved behandling av søknader om eksportlisens for våpen og ammunisjon og for anna materiell konstruert eller modifisert for militære formål, ved delleveransar og for teknologi og tenesteytingar.

Det er definert tre landgrupper som er retningsgivande for Utanriksdepartementet i vurderinga av kven som kan ta imot forsvarsmateriell frå Noreg.

Landgruppe 1 er NATO-medlemslanda og dei nordiske landa, i tillegg til andre land som etter ei grundig vurdering kan godkjennast av Utanriksdepartementet som mottakarar av våpen og ammunisjon.

Landgruppe 2 er land som Noreg ikkje eksporterer forsvarsmateriell til. Dette er land der det er krig eller krig truar, land der det er borgarkrig, land som det ikkje bør eksporterast forsvarsmateriell til etter ei omhyggeleg vurdering av dei utan-

og innanrikspolitiske tilhøva, og land som Tryggingrådet har vedteke sanksjonar mot.

Landgruppe 3 er land utanfor gruppe 1 og 2 som Noreg ikkje sel våpen og ammunisjon til, men som etter ei grundig vurdering eventuelt kan ta imot anna militært materiell.

Varene som er omfatta av retningslinjene, står på liste I (våpen, ammunisjon og anna militært materiell). Retningslinjene skil mellom kategori A-materiell og kategori B-materiell.

Kategori A-materiell er våpen og ammunisjon av alle slag, og materiell som i vesentleg grad vil kunne påverke dei militære styrkeforholda utover nærområdet, mellom anna materiell for havovervaking og elektroniske tiltak mot satellittborne system.

Kategori B-materiell er anna forsvarsmateriell som ikkje har eigenskapar eller bruksområde som definert for varekategori A.

Eksportsøknaden blir behandla uavhengig av om utførselen til mottakarlandet skjer direkte eller indirekte.

Kategori A- og kategori B-produkt kan som hovudregel ikkje leverast til land i gruppe 2.

For eksport av varer i kategori A kan det normalt innvilgast eksportlisens dersom kunden er eller opptre på vegner av forsvarsstyresmakta i eit land i gruppe 1. Dokumentasjon må godtgjere dette.

I tillegg gir retningslinjene nærmare føresegnar om lisensiering av samarbeids- og utviklingsprosjekt, fleirnasjonale produkt, eksport av varer med sjølvstendig funksjon, eksport av teknologi (m.a. produksjonsrettar og datapakkar), delleveransar og tenesteytingar. Retningslinjene er offentleggjorde for at det skal vere lettare å vurdere utsiktene til å få utførselsløyve.

#### Dokumentasjonskrav og sluttbrukarkontroll

I tillegg til dei politiske vurderingane skal behandlinga i Utanriksdepartementet sikre at det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon før utførselsløyve kan innvilgast. Kravet til dokumentasjon er avhengig av det endelege mottakarlandet og kva slag materiell det er snakk om.

Eksport av våpen og anna militært materiell mellom forsvarsstyresmakter i NATO-land byggjer på eit langsiktig utanriks- og tryggingpolitisk samarbeid der leveransar av materiell mellom partane er forankra i avtalar og mangeårig praksis.

Ved utførsel av forsvarsmateriell til medlemsland i NATO eller til nærstående land som etter ei grundig vurdering er godkjende som mottakarar av forsvarsmateriell, krevst dokumentasjon som

godtgjer kven sluttbrukaren er. Det blir såleis ikkje lagt geografiske avgrensingar på kvar forsvarsstyresmaktene i NATO-land kan bruke militært materiell importert frå Noreg. Når det gjeld innsatsvarer som krut og sprengstoff eller komponentar, må det ligge føre ei kundeerklæring om at materiellet fullt ut skal inngå i produksjonen hos importøren. Dokumentasjonen må òg gi forsikringar om at materiellet ikkje skal vidareeksporterast separat, og at det skal inngå i det ferdige produktet utan at dette står fram som norsk.

Søknader om eksport til land utanfor den allierte og nærstående krinsen av land blir underkasta ei grundig vurdering av dei aktuelle utanriks- og innanrikspolitiske tilhøva, jf. Utanriksdepartementets retningslinjer. Dersom konklusjonen er at eksport kan tillatast, må det leggjast fram dokumentasjon der mottakaren erklærer at vedkommande er endeleg brukar/mottakar av materiellet, og at materiellet ikkje skal bli vidarelevert utan etter samtykke frå norske styresmakter. Dokumentasjonen må òg gi opplysningar om kvar materiellet skal installerast og brukast. I visse tilfelle kan det stillast krav om at sluttbrukarerklæringa skal vere stadfest av styresmakt.

Innanfor ramma av det multilaterale eksportkontrollsamrådet blir det m.a. utveksla informasjon om avslag på søknader om eksport av forsvarsmateriell. Sjølv om eit enkeltland ikkje er bunde av avslag frå andre, blir det teke omsyn til denne typen informasjon. Noreg arbeider aktivt for etablering av forpliktande førehandskonsultasjonar i tilfelle der eit land vurderer ein søknad om eksport av tilsvarande varer som eit anna land har avslått søknad om eksportlisens på. Målsetjinga er at ein slik framgangsmåte over tid skal føre til ein meir felles, ansvarleg internasjonal praksis i handelen med våpen og militært materiell.

Innanfor OSSE og Wassenaar-samarbeidet er det vedteke rettleiande format for sluttbrukarsertifikat. Når det gjeld utførsel av berbare luftvernssystem (MANPADS), har medlemslanda i Wassenaar-samarbeidet vedteke strenge retningslinjer. Desse retningslinjene omfattar også krav til sluttbrukarkontroll, mellom anna krav om dokumentasjon på styresmaktnivå. Tilsvarande retningslinjer er vedteke av OSSE.

#### *Delleveransar, samarbeidsavtalar og fleirnasjonale produkt*

Retningslinjene tek omsyn til at eksporten kan ha ulike formål, t.d. samarbeids- og utviklingsprosjekt, tenester eller teknologioverføringar. Pro-

dukta kan ha sjølvstendig funksjon eller vere delleveransar. Delar er varer utan sjølvstendig funksjon, t.d. elektronikkomponentar, programvare eller metallhylser. Søknader om delleveransar blir i utgangspunktet behandla på same måten som ved eksport av sluttproduktet. Ved samarbeidsavtalar som er godkjende av norske styresmakter, jf. retningslinjene kap. VII.2, kan krav til sluttbrukardokumentasjon fråvikast i unntakstilfelle. Desse reglane skal brukast når det ferdige produktet ikkje står fram som norsk.

På visse vilkår kan det òg gjerast unntak frå hovudregelen om norsk sluttbrukarkontroll dersom produktet er eit resultat av eit fleirnasjonalt samarbeid. Dersom det endelege produktet ikkje står fram som norsk, kan det ferdige produktet eksporterast etter reglane i samarbeidslandet, jf. retningslinjene kap. III om samarbeids- og utviklingsprosjekt.

Retningslinjene frå 1992 gjorde det ikkje heilt klart korleis søknader om utførsel av produkt med fleirnasjonal identitet skulle behandlast. Auka integrasjon i forsvarsindustrien og større internasjonalt samarbeid om utvikling og produksjon av forsvarsmateriell skapte nye utfordringar for eksportkontrollen.

I 1998 blei det difor teke inn eit nytt kapittel IV som gir nærmare reglar for behandlinga av fleirnasjonale produkt.

### **3.4 Oversikt over FN-sanksjonar, EU-tiltak og terrorismetiltak som inneheld våpenembargoar**

Sanksjonsregime vedtekne av Tryggingrådet

Sanksjonar som er vedtekne gjennom bindande vedtak i Tryggingrådet, er gjennomførte i norsk rett ved forskrift med heimel i *lov 7. juni 1968 nr. 4 til gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd* (gjennomføringslova).

Desse sanksjonsregima inneheld våpenembargo og er gjennomførte med heimel i gjennomføringslova.<sup>4</sup>

*1990.08.09 nr 0635:* Forskrift om gjennomføring av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråds resolusjoner om sanksjoner mot Irak

*1992.02.07 nr 0077:* Forskrift om sanksjoner mot Somalia

<sup>4</sup> I tillegg til sanksjonar vedtekne av Tryggingrådet vedtok OSSE i 1992 ein våpenembargo i tilknytning til konflikten om Nagorno Karabakh. Som medlem av OSSE følgjer Noreg dette vedtaket.

1992.11.27 nr 0879: Forskrift om sanksjoner mot Liberia

1997.10.23 nr 1116: Forskrift om sanksjoner mot Sierra Leone

1999.12.22 nr 1374: Forskrift om sanksjoner mot Usama bin Laden, Al-Qaida og Taliban

2003.10.10 nr 1221: Forskrift om sanksjoner mot Den demokratiske republikken Kongo

2004.12.10 nr 1617: Forskrift om sanksjoner mot Elfenbenskysten

2006–06–02 nr 573: Forskrift om sanksjoner mot visse grupper, militser og personer som opererer i Darfur-provinsen i Sudan

2006–09–08 nr 1040: Forskrift om sanksjoner mot aktører i Libanon

2006–12–15 nr 1405: Forskrift om sanksjoner mot Nord-Korea

2007–02–09 nr 149: Forskrift om sanksjonar mot Iran

#### Terrorismetiltak

Desse terrorismetiltaka inneheld våpenembargo:

- Tryggingrådsresolusjon 1540 (ikkje-spreiing av masseøydeleggingsvåpen)
- Tryggingrådsresolusjon 1267/1333/1390/1455/1617/1677/1735(sanksjonar mot Al-Qaida/Taliban)

#### Tiltaksregime i EU

EU-landa har vedteke ei rekkje felles ikkje-spreiingstiltak overfor ulike land. Fleire av desse tiltaksregima inneheld m.a. føresegner som skal hindre leveransar av våpen og militært materiell. Noreg blir invitert til å slutte opp om desse felles haldningane, som ofte blir gjennomførte på politisk grunnlag innanfor ramma av det eksisterande eksportkontrollregelverket.

Norsk tilslutnad til tiltaksregima i EU eller andre internasjonale ikkje-militære tiltak kan òg gjennomførast ved forskrift med heimel i lov 27. april 2001 nr. 14 om iverksetjing av internasjonale, ikkje-militære tiltak i form av avbrot eller avgrensing av økonomisk eller anna samkvem med tredjestatar eller rørsler § 1.

### 3.5 Vedtak i Tryggingrådet om sanksjonar mot Iran

Tryggingrådet vedtok sanksjonar mot Iran 23. desember 2006 (resolusjon 1737), 24. mars 2007 (resolusjon 1747) og 3. mars 2008 (resolusjon

1803). Sanksjonane rettar seg mot det kjernefysiske programmet i Iran, også leveringsmiddel for masseøydeleggingsvåpen, og mot transport, formidling og eksport av konvensjonelle våpen. Sanksjonane omfattar likeins reiserestriksjonar for iraniske statsborgarar som er knytte til det kjernefysiske programmet, og forbod mot investeringar og finansiering i samband med dette.

Det er utarbeidd ei eiga norsk forskrift<sup>5</sup> for å sikre gjennomføring av resolusjonane. Ved gjennomføring av eksportkontrolltiltak skal alle statar hindre eksport til Iran av produkt som er regulerte av dei multilaterale eksportkontrollregima for kjernefysisk eksport<sup>6</sup> og missilteknologi<sup>7</sup>. Alle statar skal dessutan hindre eksport av alle typar varer som Iran kan bruke til opprikingsverksemd, opparbeiding av tungtvassrelaterte aktivitetar eller utvikling av leveringsmiddel for kjernevåpen. Før løyve til eksport av dei listeførte varene til Iran kan innvilgast, må den endelege sluttbruken og staden varene skal til, kunne verifiserast effektivt.

Vidare gjeld forbod mot eksport av våpensystem til Iran og transport og formidling av våpen til landet.

### 3.6 Tryggingrådsvedtak om sanksjonar mot Nord-Korea

Med utgangspunkt i tryggingrådsresolusjon 1718, vedteken 14. oktober 2006, fastsette Utanriksdepartementet ei eiga forskrift<sup>8</sup> om sanksjonar mot Nord-Korea for å sikre gjennomføring i nasjonal rett.

Forskrifta set m.a. forbod mot at norske rettssubjekt og alle som oppheld seg på norsk territorium, leverer våpensystem, nærmare spesifisert militært materiell eller fleirbruksvarer for masseøydeleggingsvåpen til Nord-Korea. I tillegg inneheld forskrifta forbod mot eksport av visse luksusvarer og føresegner om frysing av formuesgode som visse personar og einingar har til rådvelde.

<sup>5</sup> Forskrift om sanksjonar mot Iran fastsett ved kgl.res. 9.februar 2007 med heimel i lov 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd. Fremja av Utanriksdepartementet.

<sup>6</sup> Nuclear Suppliers Group (NSG)

<sup>7</sup> Regimet for eksportkontroll av missilteknologi (Missile Technology Control Regime, MTCR)

<sup>8</sup> Forskrift om sanksjonar mot Nord-Korea fastsett ved kgl.res. 15. desember 2006 med heimel i lov 7. juni 1968 nr. 4 om gjennomføring av bindende vedtak av De Forente Nasjoners Sikkerhetsråd. Fremja av Utanriksdepartementet.



### 3.7 EU-kodeksen

---

Noreg slutta seg til EU-kodeksen for våpeneksport i 1998. Dei åtte kriteria i kodeksen har til no vore handheva innanfor ramma av det norske regelverket. Kodeksen har utvikla seg til å bli eit internasjonalt referanseverk for lisensiering av våpen og militært materiell. I det multilaterale eksportkontroll-samarbeidet blir det i aukande grad vist til EU-kriteria. I tillegg dannar kodeksen i aukande grad ramma for innsyn i utførsel av våpen og militært materiell. I EU blir det no arbeidd for å vidareutvikle og styrkje kodeksen.

Frå norsk side er det lagt vekt på å medverke til internasjonal aksept for høge standardar på dette området. Det gjeld både ansvarleg behandlinga av søknader om utførsel og høve til innsyn i slik handel. På denne bakgrunnen inngjekk Noreg og EU i 2004 ein avtale om eit nærmare samarbeid innanfor ramma av kodeksen. Samarbeidet inneber m.a. at det jamleg skal utvekslast informasjon om avslag på søknader om eksport av våpen og militært materiell med utgangspunkt i kriteria i kodeksen. Oversikt over avslag på søknader om utførselslisens for våpen og militært materiell etter kodeksen går fram av kapittel 9.

Kodeksen har som hovudformål å hindre våpenleveransar som er i strid med internasjonale ikkje-spreiingsreglar. Kriteria krev m.a. at eksportkontrollinstansane skal vurdere om det er ein klar

risiko for at den planlagde eksporten kan bli brukt til intern undertrykking, kan framprovosere eller forlengje væpna konflikter eller kan forverre eksisterande spenningar i mottakarlandet, eller om det ligg føre ein klar risiko for at mottakaren vil bruke materiellet aggressivt mot ein annan stat eller for å tvinge gjennom territorialkrav med makt. Kodeksen føreset dessutan det skal takast omsyn til kva verknad den påtenkte eksporten kan ha på eigne og på vennlegsinna og allierte lands forsvars- og tryggingssinteresser, mellom anna risikoen for at utstyret kan bli brukt mot eigne styrkar eller mot styrkane til vennlegsinna og allierte land. I tillegg skal det takast omsyn til korleis kjøparlandet ter seg i det internasjonale samfunnet, særleg korleis det stiller seg til terrorisme, kva slag alliansar det har inngått, og i kva grad det respekterer folkeretten. Vurderinga skal òg omfatte risikoen for at utstyret kan bli omdirigert i kjøparlandet eller reeksportert på ugunstige vilkår. Det skal òg takast omsyn til i kva grad våpeneksporten samsvarer med den økonomiske evna og den tekniske kunnskapen i mottakarlandet, mellom anna om den planlagde eksporten kan hindre ei berekraftig utvikling i mottakarlandet. Risikoen for utilsikta teknologioverføring, mellom anna at mottakarlandet blir sett i stand til å utvikle og produsere det aktuelle materiellet sjølv, skal òg takast med i vurderinga.

## 4 Multilateralt samarbeid om eksportkontroll og ikkje-spreiing

Samarbeid mellom leverandørland og koordinering av nasjonale tiltak på eksportkontrollområdet er eit viktig verkemiddel i arbeidet for å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen og oppbygging av offensiv militær slagkraft som kan utgjere ein trussel mot internasjonal stabilitet og tryggleik. Dette samarbeidet går først og fremst føre seg i dei multilaterale eksportkontrollregima.<sup>1</sup> Samarbeidet er etablert av leverandørland for å sikre etterleving av folkerettslege avtalar på ikkje-spreiingsområdet. Dette gjeld særleg avtalen om ikkje-spreiing av kjernevåpen (NPT), kjemivåpenkonvensjonen (CWC) og konvensjonen om forbod mot biologiske våpen (BWC). På denne måten tek land som sit inne med sensitiv teknologi, ansvar for å sikre at varer og teknologi ikkje blir nytta til utvikling av masseødeleggingsvåpen eller kjem i hendene på terroristar. Innanfor dei multilaterale eksportkontroll- og ikkje-spreiingsregima er det teke ei rekkje initiativ som skal medverke til å oppfylle tryggingrådsresolusjon 1373 og 1540 om tiltak mot terrorisme.

Dei seinare åra har leverandørland også arbeidd for at alle land skal gjennomføre eksportkontroll. Bakgrunnen for dette er i hovudsak kunnskapen om at oppkjøparar til skjulte våpenprogram utnyttar land med svake kontrollrutinar for å få hand om varer og teknologi som dei treng. For å kunne sikre ein adekvat sluttbrukarkontroll er leverandørlanda avhengige av å utveksle informasjon og samarbeide i internasjonale forum for eksportkontroll. I tillegg er det viktig at land har slike eksportkontrollreglar at dei kan kontrollere transit, transport, formidling mellom tredjeland og immaterielle teknologioverføringar.

Innanfor ramma av eksportkontrollregima blir det m.a. arbeidd for å identifisere dei sensitive varene som kan vere mest attraktive for terroristar og som ikkje står på kontrollistene i dag. Dette er t.d. utstyr som kan forstyrre samband (jammeutstyr), og visse typar laserutstyr. Innanfor Wassenaar-samarbeidet er det framforhandla høge inter-

nasjonale kontrollstandardar for handel, transport og lagring av berbare luftvernssystem (MANPADS).<sup>2</sup> I hendene på terroristar er slike våpen ein alvorleg trussel mot sivil luftfart.

I tillegg til utveksling av informasjon om sluttbrukarar, frontelskap, anskaffingsmetodar, fraktruter og prosjekt som er særleg urovekkjande i spreidingssamanheng, skjer det ei omfattande utveksling av informasjon mellom regimelanda om faktisk eksport og om avslag på lisenssøknader. Landa legg denne informasjonen til grunn i sitt nasjonale lisensieringsarbeid. Det skjer m.a. ved å avslå å innvilge lisensar som andre regimeland tidlegare har avslått og som er notifiserte.

Arbeidet med å hindre spreiding av masseødeleggingsvåpen følgjer fleire spor. Eit sentralt tiltak er tryggingrådsresolusjon 1540, som pålegg medlemslanda i FN å setje i verk ei rekkje nasjonale tiltak. Arbeidet med å følgje opp resolusjonen er krevjande for mange land, og det legg beslag på store ressursar.

Dei siste åra har vi sett aukande aktivitet frå EU-hald i de multilaterale eksportkontrollregima. Eksportkontroll er eitt av tre satsingsområde for EU i kampen mot internasjonal terrorisme. Det er etablert eit omfattande program for dialog med og opplæring av relevante styresmakter i land som ikkje er med i eksportkontrollregima.

Frå norsk side er det etablert eit nært samarbeids- og koordineringssystem overfor EU på eksportkontrollområdet. Noreg har m.a. fleirbruksregimet i EU som utgangspunkt for den norske kontrollen. Det gjeld både kontrollista og kontrollmekanisme. Dette er med på å sikre at regelverket i størst mogeleg grad er det same for norske eksportørar som det som gjeld for europeiske samarbeidspartnarar og konkurrentar.

### 4.1 Dei multilaterale eksportkontrollregima

Det er etablert fem multilaterale eksportkontrollregime. Dei dekkjer teknologiområde knytte til masseødeleggingsvåpen og konvensjonelle

<sup>1</sup> Australia-gruppa (kjemiske og biologiske våpen); Nuclear Suppliers Group, NSG, og Zangger-komiteen (kjernefysiske våpen); Regimet for eksportkontroll av missilteknologi, MTCR; Wassenaar-samarbeidet, WA (konvensjonelle våpen og sensitiv høgteknologi).

<sup>2</sup> Man Portable Air Defence Systems, MANPADS.

våpen. Regima har ei rekkje fellestrekk. Med sikte på å vidareutvikle regima, særleg for å halde tritt med den teknologiske utviklinga og aktuelle spreiringstruslar, blir det ført stadige forhandlingar i faste arbeidsgrupper. I tillegg blir det regelmessig halde ekspert møte for m.a. lisensierings-, kontroll- og handhevingsinstansane i medlemslanda. Det går òg føre seg ei omfattande informasjonsutveksling, mellom anna om gjennomført eksport, avslag på søknader om eksport, om anskaffingsforsøk, frontelskap, fraktruter og bekymringsverdige våpenprogram. Arbeidsgruppene rapporterer til det årlege plenumsmøtet, og alle vedtak blir fatta ved konsensus.

#### *Wassenaar-samarbeidet*

Wassenaar-samarbeidet (WA, The Wassenaar Arrangement) er det einaste eksportkontrollregimet som rettar seg mot konvensjonelle våpen, militært materiell og sensitiv høgt teknologi. Samarbeidet blei etablert i 1996 og har 39 deltakarland.

Målsetjinga er å hindre leveransar som kan føre til destabiliserande oppbygging av konvensjonelle våpen og sensitiv høgt teknologi, og å hindre terroristar og terrorgrupper i å få tilgang til slike våpen.

WA byggjer i stor grad på tillitsskapande tiltak gjennom utveksling av informasjon om innvilging og avslag på lisenssøknader og om nasjonal praktisering når det gjeld våpeneksport. Det er vedteke retningslinjer på ei rekkje område, mellom anna kontroll med berbare luftvernsystem, handvåpen og lette våpen, immateriell teknologi og formidling av våpen mellom tredjeland. WA har etablert seg som eit solid eksportkontrollregime som set høge standardar for kontroll med konvensjonelle våpen og relevant høgt teknologi.

*Zangger-komiteen og Nuclear Suppliers Group (NSG)* rettar seg mot kjernefysisk-relatert eksportkontroll. Zangger-komiteen blei oppretta i 1971 som ei arbeidsgruppe under avtalen om ikkje-spreiing av kjernefysiske våpen (NPT) for å sikre ei mest mogeleg felles fortolking av artikkel III.2 i avtalen, som pålegg partane å sikre at det ikkje blir eksportert materiale som kan brukast til utvikling av kjernefysiske våpen.

I 1976 gjekk ei rekkje land saman og danna Nuclear Suppliers Group (NSG). Bakgrunnen var eit ønske om meir omfattande eksportkontroll med kjernefysiske varer og technologypar og om informasjonsutveksling for å hindre ytterlegare spreiring av kjernefysisk våpenkapasitet.

NSG har 46 medlemsland, deriblant alle dei fem faste medlemmene av Tryggingrådet. NSG-

retningslinjene ligg m.a. til grunn for sanksjonane mot Iran som er vedteke av Tryggingrådet. Kvart av medlemslanda i NSG sit med formannskapet i eitt år om gongen.

*Australia-gruppa (AG)* har til formål å hindre spreiring av kjemiske og biologiske våpen. Det er grunn til mistanke om at fleire land sit inne med slike våpen. Mange sensitive kjemikalier er billege og enkle å bruke, og verknaden kan vere alvorleg i avgrensa område. Risikoen for spreiring, m.a. til terroristar, er såleis reell. AG har 39 medlemsland. Australia har formannskapet på fast basis.

*Regimet for kontroll av missilteknologi (MTCR)* har til målsetjing å avgrense spreiring av missil, rakettsystem og ubemanna luftfartøy som kan levere masseødeleggingsvåpen. Varelistene og retningslinjene for regimet er brukte som referanse i tryggingrådsresolusjonen om sanksjonar mot Iran. MTCR har 34 medlemsland, og kvart av medlemslanda leier arbeidet i eitt år om gongen.

MTCR har vore det einaste internasjonale forumet som har til formål å hindre spreiring av leveringsmiddel for masseødeleggingsvåpen. Som eit ledd i styrkinga av dette arbeidet tok MTCR-landa initiativ til ein internasjonal kodeks mot missil-spreiing, The Hague Code of Conduct (HCOC), som blei etablert i 2002, og som i dag har over 120 land tilslutta.

## 4.2 Andre spreingstiltak

### *Tiltak mot missilspreiing*

Gjennom ei rekkje tillitsskapande tiltak er målsetjinga at HCOC (kodeks mot missilspreiing) skal medverke til å avgrense utvikling og spreiring av missil som kan levere masseødeleggingsvåpen. Førehandsvarsling om utskytingar av raketar og ballistiske missil frå eige territorium og årleg rapportering om relevante aktivitetar er blant dei viktigaste tiltaka. Sidan etableringa i 2002 har over 120 land slutta seg til kodeksen.

Noreg arbeider for å utvikle HCOC til eit rettsleg bindande FN-instrument mot missilspreiing.

### *Initiativet for spreingstryggleik*

Faren for at terroristar skal tileigne seg masseødeleggingsvåpen, har dei seinare åra ført til eit sterkare internasjonalt samarbeid gjennom initiativet for spreingstryggleik (Proliferation Security Initiative, PSI). Formålet er å kunne avskjere handel med og transport av masseødeleggingsvåpen og relatert teknologi. Det blir særleg lagt vekt på toll-, politi- og justissamarbeid og på opprulling av

internasjonale nettverk for oppkjøp og spreing av innsatsvarer knytte til masseøydeleggingsvåpen. Norsk deltaking i PSI representerer ei naturleg vidareføring av arbeidet vi gjer for å sikre ein effektiv eksportkontroll, og av engasjementet vårt for ikkje-spreiing og kamp mot internasjonal terrorisme.

Det er etablert eit interdepartementalt samarbeid i form av ei kontaktgruppe som blir koordinert av Utanriksdepartementet. Dette samarbeidet har medverka til auka nasjonal beredskap for å kunne reagere i internasjonale krisesituasjonar. Hausten 2005 var Noreg vertskap for ei omfattande øving ved Sjøkrigsskolen i Bergen med deltakarar frå 17 land, der ein prøvde ut prosedyrar for avskjering av lufttransport med masseøydeleggingsvåpen i spreingsaugemed. I januar 2007 arrangerte departementet ei øving som samla alle relevante instansar i Noreg. Formålet var å gå gjennom avgjerdsnivå og -rutinar i tilfelle ei avskjering skulle bli nødvendig innanfor norsk jurisdiksjon. I tillegg har Noreg delteke i fleire øvingar som er arrangerte i andre PSI-land.

#### *FN-registeret for overføringar av konvensjonelle våpen*

Hovudforsamlinga i FN vedtok i desember 1991 ein resolusjon som oppmoda medlemslanda til å rapportere om eksport og import av tyngre konvensjonelle våpen til eit eige FN-register for våpenoverføringar kvart år frå og med 1992. Registeret inneheld opplysningar om sju våpenkategoriar: stridsvogner, pansra stridskøyretøy, tungt artilleri, jargarfly, angrepshelikopter, krigsskip og missil/missilplattformer.

FN-registeret for konvensjonelle våpenoverføringar skal gi auka innsyn i internasjonal våpenhandel. Registeret har sine manglar og gir ikkje eit fullstendig bilete av den internasjonale handelen med konvensjonelle våpen. Enno er det under halvparten av medlemslanda som rapporterer til registeret, men blant desse er nesten alle dei store eksportørane av tyngre konvensjonelle våpen og dei fleste store importlanda. Noreg støttar aktivt opp om initiativ som er tekne for å utvide registeret til å omfatte fleire våpenkategoriar.

#### *Handvåpen og arbeidet for å hindre ulovleg våpenhandel*

Eksportkontroll og ulovleg internasjonal handel med handvåpen står på dagsordenen i m.a. FN, EU, OSSE og i Wassenaar-samarbeidet (WA).

FN-handlingsplanen mot ulovleg handel med handvåpen er det sentrale styringsverktøyet for det internasjonale arbeidet Noreg gjer på området. Vi har òg etablert eit positivt samarbeid med fleire regionale organisasjonar, særleg i Afrika. Innanfor ramma av OSSE har Noreg, Nederland og Tyskland samarbeidd om iverksetjing av dei felles prinsippa om kontroll med formidling av handvåpen som blei vedtekne i 2004.

Hovudforsamlinga i FN vedtok hausten 2005 eit internasjonalt dokument om merking og sporing av handvåpen. På oppdrag frå Hovudforsamlinga sette Generalsekretæren i 2006 ned ei ekspertgruppe for å vurdere vidare skritt for å motverke ulovleg våpenmekling. Noreg var representert i ekspertgruppa, som leverte rapport til Generalsekretæren i juni/juli 2007. Denne rapporten skal så behandlast vidare i Hovudforsamlinga hausten 2008 og blir ståande sentralt under det tredje toårlege møtet i samband med FN-handlingsplanen.

Frå norsk side er utgangspunktet at vi vil framforhandle eit globalt, omfattande og folkerettsleg bindande instrument for å motverke ukontrollert våpenmekling. Fleire land fryktar òg at bindande internasjonale avtalar med omsyn til omsetning av handvåpen skal svekkje den nasjonale handlefridommen og den militære forsvarsevna deira.

Hausten 2007 sette Generalsekretæren ned ei ekspertgruppe som skulle sjå på spørsmålet om trygg lagring av overskotsammunisjon for handvåpen for seinare destruksjon. Slike våpen representerer ofte ei alvorleg miljøutfordring og ein stor tryggingssrisiko, noko ei rekkje ukontrollerte eksplosjonar i våpendeponi den siste tida har vist. Noreg er med i ekspertgruppa.

Vidare støttar Noreg ei rekkje prosjekt som har til mål å betre lovgiving og internasjonalt samarbeid og å leggje til rette for innsamling og destruksjon av handvåpen i utsette område. I denne samanhengen går det føre seg eit nært samarbeid både med regionale, subregionale og frivillige organisasjonar.

Noreg har slutta seg til den felles EU-haldninga om handvåpen av 12. juli 2002.

#### *Arbeidet med ein konvensjon om kontroll med eksport av konvensjonelle våpen*

Frå norsk side går vi inn for betra global kontroll med alle våpenoverføringar. Vi støttar eit britisk initiativ om å setje i gang eit arbeid med ein internasjonal avtale om betre kontroll med omsetning av alle typar konvensjonelle våpen (Arms Trade Treaty, ATT). Det er m.a. lagt til grunn prinsipp som skal sikre at våpeneksport ikkje bryt embar-

goar eller blir brukt i samband med brot på menneskerettar eller internasjonal humanitærrett. Til liks med fleire andre land har Noreg i FN teke til orde for prinsipp som bør bli omfatta av ein ATT for å sikre at våpeneksport ikkje bryt med embargoar eller blir brukt i samband med brot på menneskerettane eller internasjonal humanitærrett. Saman med dei fleste medlemslanda i FN støtta Noreg at vi skulle vurdere å innleie eit arbeid i FN for å framforhandle ein ATT.

Ei ekspertgruppe blei nedsett i 2008 skal sjå på utsiktene for å komme i gang med forhandlingar om eit slikt dokument. Gruppa skal leggje fram ein rapport for Hovudforsamlinga hausten 2008. Ein ATT kan dessutan lette kontrollen med handel med handvåpen og såleis vere eit viktig skritt i arbeidet mot ulovleg handel med slike våpen. Det er likevel ingen tvil om at ein ATT som omfattar heilt sentrale eksport- og importland, ligg langt framme i tid.

## 5 Utanriksdepartementets arbeid for auka innsyn

Regjeringa ønskjer størst mogeleg innsyn i utførelsen av norsk forsvarsmateriell. I meldinga i år er det for første gong informert om utførsel av sivile varer til militære brukarar. Elles følgjer meldinga i hovudsak same formatet som st.meld. nr. 19 (2005–2006) og st.meld. nr. 33 (2006–2007).

Informasjonen i meldinga omfattar

- beskriving av varene som er utførte, mellom anna korleis varene fordeler seg på kategori A og B
- avslag på lisenssøknader
- løyve til formidling av forsvarsmateriell frå eitt tredjeland til eit anna
- løyve til overføring av produksjonsrettar
- utførsel av handvåpen
- relevante utlån av forsvarsmateriell frå forsvarsstyresmakta
- utførsel av sivile varer til militære brukarar
- utførsel av verneutstyr for humanitær mine-rydding

Det er lagt vekt på å gjere informasjonen meir oversiktleg ved bruk av grafiske framstillingar og forklaringar, mellom anna i form av fotnotar.

Dei siste åra er det gitt vesentleg utvida rett til innsyn i eksporten av forsvarsmateriell. Forsvarsbedriftene er pålagde rapporteringsplikt som krev godt innarbeidde system og rutinar.

Praktiseringa av innsynsretten må haldast innanfor dei avgrensingane som følgjer av teiepliktreglane i eksportkontrolllova. Etter lova pliktar alle å yte den hjelp Utanriksdepartementet treng for å kontrollere at føresegnene i lova eller forskriftene er følgde. Det gjeld alle opplysningar som blir rekna som nødvendige i samband med behandlinga av søknader om eksportlisens. Ein slik rett til innhenting av bedriftssensitiv informasjon har sitt motstykke i dei strenge teiepliktreglane i lova.

Då st.meld. nr. 33 (2006–2007) om eksporten av forsvarsmateriell i 2006 blei lagd fram i juni 2007, inviterte Regjeringa presse og organisasjonar til eit møte for å presentere innhaldet i meldinga. Regjeringa tek sikte på å halde fram med slike informasjonsmøte.

Likeins vil Regjeringa vidareføre praksisen med å konsultere og informere Stortinget om særleg omfattande og viktige saker. Det er etablert føreseielege retningslinjer for korleis Utanriksdepartementet skal praktisere regelverket. Dei årlege stortingsmeldingane som er framlagde sidan 1996, har gjort greie for denne praktiseringa og gitt omfattande innsyn i omfanget av eksporten. Regjeringa vurderar fortløpande ulike sider ved auka eksportkontroll og vil drøfte dette med Stortingets organar på egna måte.

## 6 Det nasjonale eksportkontrollapparatet

Utanriksdepartementet er nasjonal styresmakt og forvaltningsorgan for eksportkontrollen. Etter ein særskild kongeleg resolusjon har departementet fullmakt til å administrere eksportkontrolllova og utarbeide forskrifter og retningslinjer.

I tillegg til politiske spørsmål, regelverket og deltakinga i det internasjonale eksportkontroll-samarbeidet har Utanriksdepartementet ansvaret for lisensiering av både forsvarsmateriell og fleirbruksvarer (lisensieringsmynde). Departementet har òg ansvaret for å samordne den nasjonale innsatsen på eksportkontrollområdet. Det nasjonale eksportkontrollapparatet omfattar Tollvesenet, Politiets tryggingsteneste (PST) og Forsvaret. I enkelte saker kan det i tillegg vere aktuelt å samarbeide med andre etatar, særleg Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Institutt for energiteknikk (IFE) eller Statens strålevern.

Tollvesenet er ansvarleg for handhevinga av eksportkontrollen, PST for førebygging og etterforskning av mogelege brot på regelverket.

Auka oppgåver, mellom anna fleire og meir komplekse saker, krev tett samarbeid mellom involverte etatar. Utanriksdepartementet eit tverrinstitusjonelt samarbeid mellom dei involverte instansane med sikte på best mogeleg koordinering. Eit anna formål er å sikre god kompetanse- og ressursutnytting. Gruppa møtest jamleg.

I politilova av 4. august 1995 nr. 54 ble det i endring av 15. juni 2001 (§ 17b) m.a. lagt til at PST skal førebyggje og etterforske spreining av masseødeleggingsvåpen og av utstyr, materiale og teknologi for produksjon eller bruk av slike våpen. Vidare skal PST førebyggje og etterforske brot på føresegner i eller i medhald av *lov om kontroll med eksport*

*av strategiske varer, tjenester og teknologi m.v. og lov til gjennomføring av bindende vedtak av De forente nasjoners Sikkerhetsråd* eller anna lovgiving om tilsvarende særtiltak.

PST gjennomfører ein landsomfattande førebyggingsaktivitet retta mot relevante bedrifter, offentlege instansar, akademiske institusjonar og forskingssenter. Formålet er å informere om faren for spreining av masseødeleggingsvåpen og for ulovleg anskaffing av utstyr, teknologi og kunnskap til program for utvikling av slike våpen eller leveringsmiddel.

I tillegg til dei kontrollane Tollvesenet utfører på eige initiativ, samarbeider Utanriksdepartementet og PST med Tollvesenet om kontrollarbeidet. Slik kontroll kan gjelde verifikasjon av utførselsdokument og fraktdokument eller fysisk kontroll av varene. Ved gjennomgang av bedriftsrekneskapar skal Tollvesenet dessutan kontrollere dokument som gjeld den eksporten bedriftene har gjennomført. Vidare har PST og Tollvesenet styrkt samarbeidet om eksportkontroll i distrikta.

Ved fysisk tollkontroll, vurdering av tekniske eigenskapar og bruksområde for produkt, teknologi eller tenester kan det trekkjast vekslar på ekspertise hos FFI eller IFE.

Som resultat av informasjonsutvekslinga i dei multilaterale eksportkontrollregima har Utanriksdepartementet etablert ein database over utanlandske importørar og brukarar som det knyter seg visse bekymringar til i spreiningssamanheng. Denne databasen er tilgjengeleg for Tollvesenet, og planlagd utførsel til desse mottakarane kan dermed oppdagast og undersøkjast nærmare. Databasen blir oppdatert jamleg.

## 7 Saksbehandling i Utanriksdepartementet ved lisensiering

Utanriksdepartementet har ansvaret for behandlinga av søknader om eksportlisens både når det gjeld forsvarsmateriell (liste I) og fleirbruksvarer (liste II).

Oppgåvene til Utanriksdepartementet er heimla i lov og forskrift.

I utgangspunktet har kvar eksportør eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at varer, teknologi eller tenester med lisensplikt ikkje blir utførte utan at det ligg føre gyldig utførselsløyve frå Utanriksdepartementet. For å sikre slik etterleving er departementet som forvaltningsorgan pålagt å sikre at eksportørane har tilstrekkeleg kunnskap om regelverket og kontrollføresegnene.

Lisensieringsoppgåvene inneber at departementet må sitje inne med særskild ekspertise for å kunne vurdere både tekniske, rettslege og kontrollmessige aspekt i samband med søknader om eksportlisens. I tvilstilfelle avgjer departementet om ei vare eller ein teknologi er lisenspliktig.

Kontrollistene (liste I og liste II) er formelt ein del av forskriftsverket. Dei er ikkje tekne direkte inn i forskrifta, men utgjer sjølvstendige lister. På denne måten kan departementet gjere nødvendige endringar i listene ved behov. Av omsyn til eksportørane søkjer departementet å avgrense oppdateringar av listene til éin gong i året. Det kan likevel oppstå situasjonar som gjer at listene må endrast eller oppdaterast på kort varsel, t.d. i tilfelle der det blir gjort vedtak i eitt av eksportkontrollregima om å innføre kontroll på nye teknologiar som er særleg utsette i militær samanheng. Informasjon om endringar blir straks lagd ut på heimesidene til departementet ([www.eksportkontroll.mfa.no](http://www.eksportkontroll.mfa.no)).

### *Kontroll med ikkje-listeførte varer – «fangar alt»*

Varer og teknologi som ikkje er omfatta av varelistene, kan likevel ha stort potensial i samband med utvikling eller produksjon av masseødeleggingsvåpen. For å kunne fange opp forsøk på å anskaffe ikkje-listeførte varer for bruk i program for utvikling av masseødeleggingsvåpen, er det etablert såkalla «fangar alt»-reglar. Det inneber at det er lisensplikt for alle typar varer, teknologi eller tenester uavhengig av varelistene når det er kjent eller

ein burde ha forstått at dei er tenkte til bruk i eit masseødeleggingsvåpen- eller missilprogram. Denne kontrollen er blitt viktigare dei siste åra og medfører svært krevjande saksbehandling.

Forskriftsendringar i 2005 inneber at det òg krevst utførselslisens for ikkje-listeførte fleirbruksvarer til land under våpenembargo vedteken av Tryggingrådet når det ligg føre opplysningar om at varene er meinte til militær bruk. Dette er i tråd med konsensusvedtak i Wassenaar-samarbeidet i 2003 og med EU-retten.

Forskrifta inneheld òg ei føresegn om at det er lisensplikt for alle typar varer, teknologi eller tenester til militær bruk i land der det er krig, der krig truar eller der det er borgarkrig.

### *Kontroll med immateriell teknologioverføring*

Immateriell overføring av sensitiv programvare, teknologi eller kunnskap kan m.a. skje munnleg eller ved bruk av telefaks eller elektroniske medium som Internett. Immateriell teknologioverføring krev difor andre kontrolltiltak enn den tradisjonelle grensekontrollen Tollvesenet utfører. Dei multilaterale eksportkontrollregima har dei siste åra drøfta tiltak som kan vere effektive i denne samanhengen.

Det er brei semje om at elektroniske leveransar av sensitiv programvare og teknologi representerer eit svakt ledd i eksportkontrollen, og at deltarlanda må kontrollere overføring av sensitiv teknologi gjennom lisensieringskrav på nasjonal basis.

I den norske eksportkontrollavgivinga er immaterielle teknologioverføringar omfatta av det generelle regelverket. Slike overføringar krev løyve frå Utanriksdepartementet på same måten som annan eksport av produkt, teknologi og tenester som er omfatta av kontrollistene. Kontrollen skjer i nært samarbeid med næringslivet, og departementet legg stor vekt på informasjon og dialog også i dette spørsmålet. EU vedtok felles kontrollmekanismer for immateriell teknologioverføring i 2000, og det blir arbeidd med sikte på å etablere felles standardar innanfor dei multinasjonale eksportkontrollregima.



## 7.1 Eksportkontroll med forsvarsmateriell

Etter retningslinjene skal våpen og ammunisjon (kategori A-materiell) berre leverast til statlege styresmakter, eller til dei som opptre på vegner av styresmaktene. Dette må dokumenterast. Eksportkontrollen omfattar ikkje aktivitetane til det norske forsvaret. Det er gjort unntak frå reglane når utstyret skal brukast av norske styrkar i utlandet, t.d. i samband med internasjonale operasjonar, under minerydding eller som ledd i kampen mot internasjonal terrorisme, eller når mottakaren er forsvarsstyresmakta i eit NATO- eller EU-land. Forsvarsdepartementet er pålagt å rapportere om slik utførsel kvart år.

Regelverket stiller ikkje krav om innhenting av løyve frå Utanriksdepartementet ved marknadsføring. Men slik verksemd er så langsiktig og ressurskrevjande at bedriftene normalt vil ha førehandstilsegn om at eksportlisens kan påreknast før dei legg ned store ressursar. Utanriksdepartementet behandlar førespurnader om førehandstilsegn i samsvar med retningslinjene som om det gjaldt konkrete lisenssøknader. Når departementet gir førehandstilsegn, tek ein alltid atterhald om at spørsmålet om eksportlisens vil bli vurdert i lys av situasjonen idet ein konkret søknad ligg føre.

Konvensjonell våpeneksport er i utgangspunktet eit nasjonalt ansvar, og må òg sjåast i samanheng med eigne trygging- og beredskapsinteresser. Det er eit positivt trekk at det dei siste åra er utvikla auka internasjonalt samarbeid og koordinering også på dette området. Dette samarbeidet har òg bana veg for opnare forhold omkring eksportaktivitetane som landa driv.

Dersom ein eksportsøknad rører ved viktige forsvarsspørsmål eller materiellsamarbeidet med andre land, skal det innhentast uttale frå Forsvarsdepartementet. Nærings- og handelsdepartementet skal konsulterast når ein søknad rører ved viktige norske næringsinteresser.

### *Samarbeidsavtalar*

Ved underleveransar frå Noreg til ein utanlandsk produsent i tilfelle der det ligg føre ein styresmaktgodkjend samarbeidsavtale mellom den norske og den utanlandske bedrifta, kan Utanriksdepartementet fråvike kravet om sluttbrukarkontroll. Per 1. april 2008 ligg det føre i overkant av 50 slike samarbeidsavtalar. Ordninga gjer at utsiktene til å få utførselsløyve er tilstrekkeleg kjende for eksportørane, og er såleis med på å sikre norske bedrifter

truverde i ein konkurranseutsett internasjonal marknad for forsvarsmateriell.

### *Oppfølgingsleveransar*

Fordi forsvarsmateriell ofte har lang levetid, er det nødvendig å vedlikehalde, reparere og kjøpe reservedelar til utstyret i lang tid. Tilgang til framtidig vedlikehald og reservedelar er som regel ein del av kontraktvilkåra. Som forvaltnings- og kontrollorgan legg Utanriksdepartementet stor vekt på nært samarbeid med vedkommande eksportør frå sak til sak.

Eksportkontrollforskrifta opnar for at eit utførselsløyve kan kallast tilbake dersom lisensnehavaren i vesentleg grad misbruker løyvet, eller dersom det skjer vesentlege endringar i grunnlaget løyvet blei gitt på.

### *Kontroll med formidling mellom tredjeland*

Det følger av eksportkontrollforskrifta at handel, formidling eller annan bistand ved sal av militære varer og teknologi som er omfatta av liste I, frå eitt framandt land til eit anna, er forbode utan løyve frå Utanriksdepartementet.

Noreg har engasjert seg aktivt internasjonalt for å oppnå semje om felles kriterium som utgangspunkt for nasjonal leverandørlandskontroll med formidling av våpen. Formålet er å sikre at den nasjonale eksportkontrollen på våpeneksportområdet ikkje blir undergraven gjennom smothol i form av formidlingsaktivitetar som styresmaktene ikkje har kontroll med. Det er ei målsetjing at flest mogeleg land innfører kontroll med formidling. Slik blir det vanskelegare for formidlarar å operere utan å bli kontrollerte av styresmaktene.

### *Handvåpen*

Norske bedrifter produserer ikkje militære handvåpen, og slike våpen blir såleis ikkje eksporterte frå Noreg. Utførselen av handvåpen omfattar i all hovudsak samle-, jakt- og konkurransevåpen. Før det kan innvilgast eksportlisens, må det liggje føre løyve til å importere våpenet og løyve til å eige slike våpen i importlandet, eller dokumentasjon på at den aktuelle våpenforhandlaren har nødvendig autorisasjon. I kapittel 9 er det gitt ei oversikt over omfanget av denne eksporten.

Noreg arbeider aktivt i relevante internasjonale forum, mellom anna i FN, Wassenaar-samarbeidet og OSSE, med sikte på å komme til semje om tiltak for å hindre at handvåpen blir omsette ulovleg eller blir leverte til grupper som styresmaktene ikkje

har kontroll med, og dermed fører til destabilisering eller medverkar til å eskalere konflikhtar i utsette område.

### *Klassifisering av forsvarsmateriell*

Liste I er ei nasjonal liste over 20 kategoriar forsvarsmateriell. Utgangspunktet er at alle varer i dei 20 kategoriane som er spesielt konstruerte eller modifiserte for militære formål, er lisenspliktige. I dei fleste tilfelle er det uproblematisk å avgjere om ei vare er omfatta av liste I, og dermed lisenspliktig ved utførsel. Derimot kan det oppstå tilfelle der det er vanskeleg å avgjere om vara er omfatta av liste I. Ein av grunnane til det er at den teknologiske utviklinga dei seinare åra har ført til meir komplekse og sofistikerte varer, og at nyare teknologi med militære applikasjonar i større grad enn før blir utvikla innanfor sivile teknologiprojekt. I slike tilfelle innhentar departementet vurderingar og råd frå relevante fagmiljø, til dømes Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Marinen, Luftforsvaret, Forsvarets mikrobiologiske laboratorium eller Institutt for energiteknikk (IFE). Utanriksdepartementet har fullmakt til å gjere endelege vedtak i spørsmål om produktklassifisering og lisensplikt.

Når departementet har avgjort at ei vare blir omfatta av liste I, blir det vurdert om vara skal klassifiserast som kategori A- eller B-materiell. I den vidare behandlinga av ein søknad om utførselslisens blir det bestemt kva landgruppe det endelege mottakarlandet tilhøyrer. Med utgangspunkt i stortingsvedtaket frå 1959 blir ei rekkje element lagde til grunn i ei slik vurdering, mellom anna om det er borgarkrig i mottakarlandet, eller om det er krig eller krig truar i området. I tillegg blir det lagt vekt på den politiske stabiliteten i mottakarlandet, tilhøvet til naboland, til dømes med omsyn til eventuelle territoriale krav, og på den generelle tryggingssituasjonen i landet eller området. Omsynet til menneskerettane og styresettet i mottakarlandet tel òg med i vurderinga.

Praktiseringa av retningslinjene frå Utanriksdepartementet er eit erfaringsbasert system. Avgjerder om å klarere eit land som mottakar av forsvarsmateriell frå Noreg blir tekne på grunnlag av konkrete søknader om eksportlisens. Som hovudregel vil klarering av eit land som mottakar av A- og B-materiell danne presedens.

I tillegg til lisensplikta for varer som er omtalte på varelister I, er det lisensplikt for alle typar varer, teknologi eller tenester til militær bruk i land der det er krig, der krig truar eller der det er borgarkrig, og til land som er underlagde våpenembargo vedteken av Tryggingrådet.

## **7.2 Eksportkontroll med fleirbruksvarer**

Vareliste II frå Utanriksdepartementet er ei samstilling av varelistene for fleirbruksvarer i dei multilaterale eksportkontrollregima. Dette er sivile varer som òg har viktige militære bruksområde. Fleirbruksvarer kan m.a. vere visse kjemikalier, biologiske substansar, verktøymaskiner, laserar, gassovervakingsutstyr, grafitt, høgtrykksdyser, hydrofonar, måleutstyr, optisk materiale eller radarsystem.

Alle land som deltek i dei internasjonale ikkje-spreiings- og eksportkontrollregima, forpliktar seg til å gjennomføre nasjonal kontroll med utgangspunkt i felles varelister og retningslinjer.

Gjennom det nasjonale lisensierings- og kontrollarbeidet skal vara det er søkt om eksportløyve for, klassifiserast med tanke på mogeleg militær bruk, og sluttmottakar og sluttbruk skal fastslåast. Også risikoen for uønskt reeksport eller overføring til bruk i militære aktivitetar i mottakarlandet skal departementet vurdere.

Arbeidet med å bestemme om ei vare eller ein teknologi er omfatta av varelistene, krev særskild teknisk ekspertise. Liste II (fleirbruksvarer) er omfattande og svært detaljert når det gjeld tekniske eigenskapar. Medlemslanda i dei multilaterale eksportkontrollregima har vedteke ved konsensus at fleirbruksvarene på liste II er har signifikant potensial som element i utvikling, bruk eller produksjon av våpen, mellom anna masseødelegingsvåpen og leveringsmiddel (missil) for slike våpen. Vidare omfattar liste II fleirbruksvarer som kan brukast til konvensjonelle militære operasjonar. Tenester knytte til varer og teknologi på liste II krev òg løyve frå Utanriksdepartementet før dei kan leverast til utlandet.

For å avgjere om ei vare eller ein teknologi trefter parameterane og beskrivingane i liste II, kan eksportøren gjere ei sjølvstendig vurdering av vara ut frå beskrivinga i varelister. Basert på denne vurderinga og tekniske datablad, brosjyrrar og liknande gjer så departementet si eiga sakkunnige vurdering. Er konklusjonen at vara krev eksportlisens, blir neste skritt å vurdere oppgitt sluttbruk og sluttbrukar for å forvise seg om at eksporten utelukkande har sivile formål. Til hjelp i slike vurderingar har departementet tilgang til omfattande informasjon som m.a. er utveksla innanfor dei multilaterale eksportkontrollregima. I tillegg til informasjon om sluttbrukaren vurderer departementet ei rekkje andre sider ved risikoen for at ei vare kan komme på avvegjar, bli omadressert undervegs

eller på annan måte komme til å bli brukt i militære aktivitetar.

I tillegg til lisensplikta for varer som er oppførte på liste II, er det lisensplikt for alle varer uavhengig av listene dersom det er kjent eller burde vere forstått at vara skal inngå i utvikling eller produksjon av masseøydeleggingsvåpen eller leveringsmiddel (missil) for slike våpen. Slike «fangar alt»-saker stiller store krav til teknisk ekspertise og tilgjengeleg informasjon om både sluttbruk og sluttbrukar. Iran-forskrifta om gjennomføring av FN-sanksjonane mot landet har ført til ein kraftig auke i talet på komplekse saker som departementet skal behandle. I tillegg medfører denne kontrollmekanismen behov for målretta og tydeleg informasjon til næringslivet og samfunnet generelt om desse lovreglane.

Kontrollen som skal hindre levering av fleirbruksvarer eller -teknologi frå norske bedrifter som kan brukast i utvikling av masseøydeleggingsvåpen, er på mange måtar meir komplisert enn for militært materiell. Faren for at slike varer skal komme i hendene på terroristar eller i skjulte program for masseøydeleggingsvåpen, gjer denne kontrollen endå meir utsett. Sluttbrukarkontrollen i samband med eksport av fleirbruksvarer er såleis utfordrande.

Sentrale element i vurderinga av om ein leveranse av ei fleirbruksvare kan tillatast, er om vara kan brukast i tilknytning til våpen, deriblant masseøydeleggingsvåpen, og kven sluttbrukaren er. Når det er søkt om eksport av fleirbruksvarer, blir det gjort ei grundig teknisk vurdering av bruksområdet til produktet og om det kan tenkjast brukt i samband med masseøydeleggingsvåpen. Sluttbrukaren blir òg grundig vurdert ut frå opplysningar som ligg føre etter informasjonsutveksling i dei multilaterale regima eller bilateralt. Dersom departementet innvilgar lisens, må det liggje føre dokumentasjon på kva vara skal brukast til, og kvar ho skal brukast eller installerast. I særlege tilfelle blir det i tillegg sett som vilkår at vara skal kunne inspirerast av norske representantar utan forvarsel for å sikre at bruken er i tråd med det som er føresett.

Utanriksdepartementet vurderer òg om vara som det blir søkt om løyve til å utføre, er relevant for den oppgitte sluttbruken både i mengd og teknisk kapasitet. Søknaden blir avslått dersom det synest å vere overvekt av risiko for at vara skal inngå i eit våpenprogram i eit sluttbrukarland.

Søknaden blir òg avslått dersom eit anna medlemsland i eitt av dei multilaterale regima har rapportert avslag på ein identisk søknad. Avslag på ein eksportsøknad og bakgrunnen for avslaget blir

rapportert til det relevante eksportkontrollregimet. Deltakarlanda skal ikkje undergrave avslag innbyrdes ved å innvilge identiske søknader. Det er dessutan etablert konsultasjonsmekanismer for at partane skal kunne avklare eventuelle spørsmål om innhaldet i og bakgrunnen for notifiserte avslag.

I lys av dei sivile bruksområda fleirbruksvarer kan ha, er det viktig at eksportkontrollorgana har kompetanse og ressursar nok til å behandle søknader om eksport på ein forsvarleg og kompetent måte og på rimeleg tid.

For å sikre at Noreg etterlever dei omfattande krava til kjernefysisk eksportkontroll, er det etablert særskilde retningslinjer som Utanriksdepartementet skal følgje i behandlinga av søknader som gjeld visse særleg sensitive kjernefysiske varer.

#### *Bevisstgjerung gjennom informasjon til eksportørane*

Eit vilkår for å kunne gjennomføre ein mest mogeleg effektiv eksportkontroll er at det er etablert eigna samarbeid og dialog med produsentar og leverandørar av sensitive varer og teknologi. Departementet legg ein god del arbeid i å føre dialog med teknologibedrifter for å sikre at alle partar er kjende med regelverket, og at det er etablert interne rutinar for å sikre at bedrifta etterlever det. I tillegg til kontakten mellom kvar bedrift eller eksportør og departementet blir det årleg halde orienteringsmøte for eksportørane.

Både dei multilaterale eksportkontrollregima og Tryggingrådet har fatta vedtak og innført sanksjonar mot enkeltland som krev tett samarbeid og dialog med potensielle teknologileverandørar. Utanriksdepartementet legg stor vekt på dialog med og informasjonsverksemd overfor norsk næringsliv.

Det er òg viktig for departementet å vere tilgjengeleg for næringslivet i det daglege arbeidet, både ved telefonkontakt, bruk av e-post og ved personleg kontakt. Også andre aktørar i det nasjonale apparatet har kontakt med relevante eksportørar og potensielle leverandørar av sensitive varer i informasjonsaugemed, m.a. Tollvesenet og Politets tryggingsteneste (PST).

Det er svært viktig at norske teknologibedrifter og -institusjonar har tillit til at norske styresmakter gjennomfører ein ansvarleg eksportkontroll. For å sikre dette er informasjonsarbeid og etablering av etterlevingsrutinar i relevante bedrifter ei viktig oppgåve for Utanriksdepartementet.

Informasjon om eksportkontrollen er lagd ut på Internett under [www.eksportkontroll.mfa.no](http://www.eksportkontroll.mfa.no). Departementet legg vekt på å skaffe publikum

auka kunnskap om eksportkontroll og ikkje-spreiing, og arbeider stadig med å halde informasjonen på heimesida oppdatert og relevant.

## 8 Norsk forsvarsindustri og internasjonalt samarbeid

Dei siste ti åra har det gått føre seg ei omfattande tilpassing av forsvarsindustrien i Noreg. Ei drivkraft i denne utviklinga har vore det stadig aukande innslaget av teknologi i forsvarsmateriellet og kompleksiteten og dei store kostnadene ved utvikling av forsvarsmateriell.

Forsvarsmateriell er blitt stadig dyrare å utvikle, og tettare samarbeid om utvikling og produksjon av nytt materiell er blitt nødvendig. Fleire norske forsvarsindustribedrifter sit inne med viktig nisjekompetanse. Norsk forsvarsindustri har difor utvikla eit tett samarbeid med internasjonale partnerar.

Ved større materiellkjøp (over 75 millionar kroner) frå utlandet arbeider Forsvarsdepartementet aktivt for at norsk forsvarsindustri skal kunne delta som underleverandør. I fleire tilfelle er det gjennom gjenkjøpsavtalar etablert langvarig samarbeid mellom norsk og utanlandsk forsvarsindustri om

materiellutvikling og -produksjon. Større materiellkjøp i Forsvaret (over 500 millionar kroner) skal godkjennast av Stortinget.

Norske styresmakter fokuserer på industriprosjekt som kan medverke til effektive løysingar for Forsvaret, og som samtidig støttar opp om behovet for eit meir integrert samarbeid med allierte. Dei største forsvarsindustribedriftene og mest aktuelle partnerane for norsk forsvarsindustri er lokaliserte i USA og i EU-landa.

For forsvarsindustrien i mindre land kjem fleirnasjonalt samarbeid om anskaffing og utvikling av forsvarsmateriell til å bli stadig meir avgjerande for å sikre at industrien kan overleve på lengre sikt. Noreg vil difor prioritere fleirnasjonale løysingar med utvalde samarbeidspartnerar framover.

Forsvarsmateriellsamarbeid går føre seg mellom dei nordiske landa, mellom allierte land og multilateralt innanfor ramma av NATO og EU.

## 9 Eksporten av forsvarsmateriell i 2007

Dette kapitlet gir informasjon om eksporten av forsvarsmateriell basert på utførselsverdien ved sal av varer, teknologi og tenester som er omfatta av liste I.

Til liks med st.meld. nr. 19 (2005–2006) og st.meld. nr. 33 (2006–2007) gir denne meldinga òg informasjon om utførsel av handvåpen frå Noreg og om eige materiell som forsvarsmakta bruker i utlandet. Som det går fram av oversikta i tabell 9.6, eksporterer ikkje Noreg militære handvåpen. Utførselen gjeld i all hovudsak antikke våpen til samlarar og jakt- og konkurransevåpen.

Vidare blir det informert om løyve som er innvilga til formidling av forsvarsmateriell mellom to tredjeland, og om løyve til å overføre produksjonsrettar til utlandet.

For første gong blir det òg informert om utførsel av sivile varer til militære sluttbrukarar og om utførsel av utstyr for bruk i humanitære aksjonar (minerydding).

Oversiktene inneheld ikkje opplysningar om mellombels utførsel av varer for demonstrasjon eller reparasjon, eller om varer som skal returnerast til Noreg. Det blir gitt informasjon om avslag på søknader om eksportlisens. Avslag som er tekne med i oversikta, er formelle avslag på lisens-søknader som har vore behandla på grunnlag av det norske eksportkontrollregelverket. På bakgrunn av samarbeidet som er inngått i tilknytning til EU-kodeksen, er det òg vist til kva kriterium i kodeksen som er bakgrunn for avslaga. På denne måten er Noreg med på å fremje høg internasjonal standard når det gjeld innsyn i utførselen av forsvarsmateriell.

Fordi større leveransar kan skje i eitt år og ikkje i eit anna, er det naturleg at det oppstår variasjonar i verdien av utførselen av forsvarsmateriell frå år til år.

### *Eksporten av forsvarsmateriell og tenester*

Eksporten av forsvarsmateriell, tenester og utførte reparasjonar, og avslag på søknader om eksportlisens knytte til liste I, går fram av desse oversiktene<sup>1</sup> og figurane:

Tabell 9.1 Totalar for eksport av forsvarsmateriell i 2006 og 2007

Tabell 9.2 Eksport av A- og B-materiell fordelt på grupper av land

Tabell 9.3 Detaljar ved eksporten fordelt på land og vareposisjonar i liste I

Tabell 9.4 Utførte tenester knytte til liste I

Tabell 9.5 Reparasjonar i Noreg for utanlandske oppdragsgivarar

Tabell 9.6 Oversikt over utførsel av handvåpen

Tabell 9.7 Oversikt over eige materiell som forsvarsmakta utfører

Tabell 9.8 Sivile varer til militære sluttbrukarar

Tabell 9.9 Verneutstyr for humanitær minerydding

Figurar:

Fig. 9.1 Fordeling av eksporten av A-materiell på regionar

Fig. 9.2 Fordeling av eksporten av A-materiell på regionar

Fig. 9.3 Utførselen fordelt på posisjonane i liste I

Fig. 9.4 Utviklinga i eksporten av forsvarsmateriell 2002–2007


